

«Djupdykk i sakshandsaming – praktisk barnevernsarbeid»

Bakgrunn for prosjektet:

Som ein del av regjeringa sin kompetansestrategi 2018-2024 har Fylkesmannen i Vestland etablert kommunale læringsnettverk. Dette for å legge til rette for kvalitetsutvikling på lokalt nivå. Læringsnettverket i Sogn og Fjordane har bestemt seg for å samlast kring eitt prosjekt, der Stryn er vertskommune for prosjektet.

Det er lagt opp til 3 samlingar à 2 dagar på Scandic Sunnfjord hotell i Førde.

- 19. – 20. mars
- 09. – 10. april
- 17. – 18. september

Prosjektgruppa har med dette gleda av å invitere alle tilsette i det kommunale barnevernet til første samling.

Ut i frå kor mange som melder seg på kurset, vil kurs og opphald for deltakarane bli dekkja av prosjektet. Reisekostnadar må kvar eining ta sjølv.

Velkommen til lærerike, sosiale og praktisk retta dagar!

Påmeldingsfrist 28. februar

Førelesarar 19. – 20. mars:

Fylkesmannen i Vestland:

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen fører tilsyn med barnevern - verksemda i kommunen. Det inneber blant anna at fylkesmannen handsamar klager på barneverntenesta si sakshandsaming og tek stilling til om barneverntenesta har utført sitt arbeid etter barnevernlova og forvaltningslova. Fylkesmannen er også klageinstans for enkeltvedtak som barneverntenesta fattar etter barnevernlova. Fylkesmannen fører tilsyn med at barn på barnevernsinstitusjonar får forsvarleg omsorg og god behandling.

Stiegler WKS :

Advokat Roar Vegsund er partner i Stiegler WKS. Han leier faggruppa Barnevern. Vegsund har lang erfaring som advokat for det offentlege og bistår kommunar i saker etter barnevernlova og helse- og omsorgslova. Han bistår også privatpersonar innan barnerett og felleseieskifte.

NTB Arkitekst:

NTB Arkitekst er eit språkkonsulentfirma med den gode jobbteksten som viktigaste arbeidsområde. Dei er ein stor leverandør av klarspråktenester til offentleg sektor og hjelper private verksemder og organisasjonar med å finne si språklege stemme både på nett og papir. I tillegg har dei ekspertise på nyheitspråk.